

Garden 168 3 på Ikeland

Me som driv garden på Ikeland, er Sigve Andreas og Kjersti Linn Hopland.

Sigve kjøpte garden i 1996, berre 21 år gamal. Garden har vore i drift frå før utskiftinga. Me har vorte fortald at huset på garden stod i eit klyngetun på haugen over garden. Huset vart tatt i frå kvarandre og send ner på isen, og satt saman att der det står no.

Som de ser, har stein vore ein god ressurs her. Fjellet i bakgrunnen heiter Hellefjellet. Der kan ein setta ner ein spade kor som helst, og hellene bokstavleg talt dett ut. Tilhøyrand garden fins det ei flomkvern frå 1700 talet, og lenger opp i elva ei tilhøyrande demning. Kverna står i nedrekant av ein tursti.

Det er denne kverna som står i fare for å detta ner. Muren på baksida balanserer på ein stein, og lekkasje i taket gjer at treverket har byrja å rotne. Alle gardane har nok hatt eigne kverner i lag eller aleine i denne elva. Dei har rast ner for lenge sida, for det er ingen som hugsar kvar dei stod.

Kverna vår, står på grunnen til naboen som har g.br.nr: 169 2. Gardane har hatt felles vassrettar i denne elva.



